

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 15/11169-1

## Reglement for kontrollutvalet

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek reglement for kontrollutvalet slik det ligg føre.

### Vedlegg:

- Reglement for kontrollutvalet

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Gjeldande reglement for kontrollutvalet vart vedteke av fylkestinget 18. oktober 2011 i FT-sak 43/11.

Det har sidan den gang vore lovendingar som har innverknad på reglementet for kontrollutvalet. Fylkestinget vedtok i FT-sak 39/14 ny samansetjing av utvalet, som krev endring av gjeldande reglement.

### **2. Kommenterar til endringane som er føreslegne**

#### § 2 Val – samansetjing

Fylkestinget vedtok i FT-sak 39/14 følgjande om kontrollutvalet si samansetjing:

*«Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmar. Leiar og nestleiar skal kome frå fylkestinget. Dei tre andre skal hentast utanfor fylkestinget. Fylkestinget legg til grunn at berre leiar og nestleiar skal delta i møta i fylkestinget. Dei andre medlemmane møter ikkje under fylkestingsseta.»*

Paragrafane 2 og 4 er endra i samsvar med vedtaket i denne fylkestingssaka. Første setning i vedtaket er teke inn i paragraf 2. Andre setning i vedtaket er å finne i paragraf 4, siste avsnitt.

I endringa av kommunelova i 2013 vart det bestemt at kontrollutvalet skal veljast på det konstituerande fylkestinget, som første utval etter val av fylkesutval, fylkesordførar og fylkesvaraordførar. Kontrollutvalet trer i kraft frå det konstituerande møtet. Paragraf 2 i reglementet er endra med omsyn til denne lovendinga.

Kommunelova er også endra med omsyn til opne møte i kontrollutvalet. Dette har medført ei endring i reglementet paragraf 4 om at lukking av møta må skje etter reglane i kommunelova § 31.

Lovregulerte oppgåver som i gjeldande reglement er lista opp under paragraf 3 er tekne ut av reglementet.

I § 4 - Møte og sakshandsaming – er møteleiing, teieplikt og habilitet for utvalet sine medlemmer teke inn.

I paragraf 6 er protokollering blitt innskjerpa som følgje av fylkestinget sitt vedtak i FT-sak 31/15.

Ut over det som her er nemnt er det berre mindre endringar som er gjort. Reglementet er litt forenkla i forhold til gjeldande reglement, og enkelte ting er flytta under andre overskrift. Alle endringar er gjort for å få eit reglement som dekker kontrollutvalet sitt behov, og for at kontroll og tilsyn av fylkeskommune skal verte utført på ein trygg og god måte.

Vedlegget – Reglar for avvikling av høyringar i kontrollutvalet – er oppdatert.

#### **4. Konklusjon**

Reglementet til kontrollutvalet er oppdatert med dei endringar som det er behov for etter endring av kommunelova og etter vedtak i fylkestinget som vedrører kontrollutvalet sitt ansvarsområde.